



**Saksframlegg**

**Tilstandsrapport for Gimle skule 2015-2016**

| Utval         | Utvalssak | Møtedato   |
|---------------|-----------|------------|
| Kommunestyret | 92/16     | 15.12.2016 |

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Kommunestyret

**Dokument og vedlegg i saka:**

- 1 Tilstandsrapport for Gimle skule 2015-2016 (oppdatert)

**Bakgrunn for saka:**

Det er fastsett i opplæringslova § 13-10 at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevist og kunnskapsbasert forhold til kvalitet på opplæringa. Dette er naudsynt for å fylgje opp utviklinga av skulen på ein god måte.

Tilstandsrapporten, som ligg som vedlegg til saka, skal som eit minimum omtale læringsmiljø, læringsresultat og fråfall, men kan også byggjast ut med anna omtale som skuleeigar meiner er formålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå "Skoleporten" som hovudsakeleg skal brukast som grunnlag for skuleeigar si vurdering av tilstanden ved skulen.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hjå elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til kvar einskild elev må fylgjast opp med tiltak for dei som har behov, med ekstra tilrettelegging tidligast råd i skuleløpet. Dette kan gjelde elevar som slit med lærevanskar, men det skal også utarbeidast planar i medhald til NOV 2016:14, tiltak/tilrettelegging for "elevar med stort læringspotensiale".

"Skoleporten", inneheld ikkje data om spesialundervisning, GSI er difor brukt som kjelde for datainnhenting på dette området.

**Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016 i sektor for kultur og oppvekst; "barn og ungdom får rettleiing og gode kvalitetssikra tilbod i tråd med eiga utvikling".*

Vidare er saka vurdert ut ifrå opplæringsplanen § 13-10.

Kommunalsjefen har til fleire av punkta i repporten vågt seg frampå med lokale mål og vurderingar. Dette har ikkje vore heilt enkelt då det pr. dags dato ikkje føreligg ein "skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan" for skulen i Fyresdal kommune. Ein slik plan arbeider kommunalsjefen på no, og ein vil forsøkje å legge den fram til politisk handsaming i mars 2017. Ein slik plan vil kunne gi skuleeigar(kommunestyret) meir forankring, struktur og seie noko om prosessar og forventa resultata frametter. Kvalitet i skulen er ikkje noko eintydig begrip, og alt etter kven som tek dette opp, vert det gjeven forskjellige meining. Det kan enkelte gonger synast som eleven forsvinn noko i alle desse gode hensiktene ein måtte ha med å utvikle kvaliteten innafor skuleområdet. Det er likevel slik at sjølv om kvalitetsarbeid føregår på mange

nivå innafor skuleområdet, står alltid elevanes læring/læringsmiljø i sentrum. Kommunalsjefen har eit klårt inntrykk utifrå tett kontakt med elevar, tilsette og leiing ved Gimle skule at skulen har som klare mål å stå fram som ein profesjonell aktør gjennom å byggje sine val på kunnskapsbasert praksis, og i tråd med lov og forskrifter.

Hovudområda som er omhandla i rapporten er:

- Tal på elevar og lærarressursar
- Læringsmiljøet (Elevundersøkinga)
- Læringsutbytte (dvs. Nasjonale prøver, eksamens- og standpunktkarakterar og grunnskulepoeng)
- Overgang til vidaregåande skule
- System for oppfylgning, jf. opplæringslova § 13-10

Resultata til elevane på nasjonale prøver i 5. klasse er i "Skoleporten" presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, meistringsnivå 1 er lågast. I 8. og 9. klasser er det 5 meistringsnivå. Dersom verdien for eitt eller fleire meistringsnivå er basera på resultat for 1-4 elevar og totalt tal på elevar i utvalet er mindre enn 30, skal verdiane på alle meistringsnivå verte unnateke offentlegheit. Dette vil gjelde for nokre resultat ved Gimle skule, og markerast med ei \*.

Tilstandsrapporten 2015-2016 inneheld ikkje noko om oppfylgning av tiltak. Dette er eit sentralt tema i den før omtala "Skulepolitiske kvalitets- og utviklingsplanen" som det arbeidast med for tida. Dette planen skal ut på høyring til aktuelle høyringsinstansar før den vert vedteken av kommunestyret til våren 2017.

#### **Konklusjon:**

Tilstandsrapporten for Gimle skule 2015-2016 vert teken til vitande.

#### **Innstilling frå rådmannen:**

Tilstandsrapporten for Gimle skule 2015-2016 vert teken til vitande.

|                 |                                 |
|-----------------|---------------------------------|
| Ketil O. Kiland |                                 |
| rådmann         | Tron Armand Støle               |
|                 | kommunalsjef kultur og oppvekst |